



Styret i Uskedal Bondelag skriv brev til Kommunedirektør og politikarane. F.v: Kjell Arne Myklebust, Ingvill Ersland Myklebust, Marita Kjærland, Lars Haugland (leiar) og Runar Myklebust.

Uskedalen Bondelag reagerer kraftig på framlegget om å leggja ned Brannstasjon i Uskedalen. Uskedalen er ei langstrakt bygd i vekst, både når det gjeld bustadbygging og næring. Landbruket er den største næringa i bygda. Gardsbruka ligg spreidd frå Ljosnes til Steinsletto, og heilt til Friheim og Fjellandsbø. Frå Uskedalsvegen til Friheim er det om lag 8 km. Og enda litt lenger til Fjellandsbøvatnet, eit populært skøyteområde med ofte litt for tynn is. I driftsbygningane vert det stadig fleire dyr, meir elektrisk utstyr, her er utstyr som kan eksplodere, andre farlege kjemikaliar, og det er gassfare. Ved ein brann er det mange stressa dyr som skal ut, og dette er eit svært krevjande arbeid.

UTRYKKINGSTID

I forslaget er det troppane i Rosendal og på Husnes som skal sløkkje i Uskedalen. Teoretisk er det kanskje mogeleg å nå Uskedalen sentrum innanfor kravet til utrykkingstid på 20 min. Men han som har gått gjennom isen på Fjellandsvatnet, har ikkje håp om hjelp før det er gått langt over 30 min.

4 januar 2020 omkom 4 personar i brann i Bergen. Brannvesenet brukte 12 min frå alarm til røykdykkarane gjekk inn i huset. Dei kom frå bemanna stasjon i Fana og måtte køyra ca 10 km. I ei slik tragisk ulykke tel kvart sekund. 12 minutt vart for lenge.

Når alarmen går i Uskedalen må mannskapa fyrst køyre (etter fartsgrensa) til Brannstasjonen. Dette vil normalt ta om lag 5 min. Så skal dei frå Husnes køyre ca 5 km lenger enn i Bergen. Frå Rosendal er det litt kortare, men her er langt fleire fartshumpar. Og husk: Brannbilen er ein lastebil.

Vert Brannstasjonen i Uskedalen lagt ned, og vi ikkje kan forvente hjelp før det er gått 20-30 min, kan vi ta dårlege val. Vi må vera våre eigne brannmenn, og prøver sjølv å redde ut folk og dyr. Vi har ikkje verneutstyret eller kunnskapen til brannmannskapet. Eller legg administrasjonen opp til at kvart gardsbruk må ha sitt eige sløkkjeutstyr?

Branntroppen rykkjer og ut til trafikkulykker, og har fått opplæring på hjartestartar. Det er viktig å vite at hjelpa er nær, og at det er håp sjølv når hjarta stoppar. Ved nedlegging av stasjonen i Uskedalen vert det heilt klart mindre trygt å bu i Uskedalen. Når administrasjonen seier at det ikkje er pengar til Uskedalen Brannstasjon, må vi trekkja fram Maslows behovspyramide. Fyrst kjem mat, vatn, søvn og liknande, så TRYGGHET, så får det andre koma etterpå.

Branntroppen i Uskedalen tel 8 unge menn, som vi har stor tillit til. Dei er alle røykdykkarar, og har teke mange kurs som brann og redningsmenn. Dei har hatt øving på gardsbruk, og innehar viktig lokalkunnskap om Uskedalen. Då troppen fekk ny bili 2013, sa dei frå seg godtgjersle, arbeidde over 900 dugnadstimar på Stasjonog bil for å få ting på stell. Og næringslivet i sløkkjeområdet støtta arbeidet med kr 36 000,-.

Kjære politikarar: Vi kan ikkje sei opp denne fantastiske, motiverte, hardtarbeidande troppen.

Konklusjon: Med ei utrykkingstid på 20-30 min MÅ menneske og dyr vera ute av den brennande bygningen lenge før branntroppen kjem fram. Dette er ikkje godt nok. Det er lov å vere betre enn dei dårlegaste.

Tekst/foto: Uskedal Bondelag

Nett: Kristian Bringedal